



Masfjorden kommune ligg nord i Hordaland fylke og grensar til kommunane Gulen og Høyanger i Sogn og Fjordane fylke og kommunane Modalen og Lindås i Hordaland fylke.

Kommunen er eit eldorado for friluftsinteresserte, med øyar og holmar, skog og fjell, eit unikt turterreng, og gode fiske- og jaktvilkår. Kulturlivet er allsidig med svært aktive lag og organisasjoner.

## Tannlege

Masfjorden kommune søker etter tannlege i 100 % stilling. Dette skal vere med å setje kommunen i stand til å ta ansvar for det lokale tannhelsetilbodet, og setje i gang tidleg identifisering og førebygging innanfor tannhelse. Tilboden skal ha hovudfokus mot barn, unge og andre prioriterte grupper som er definert i § 1-3 i tannhelsetenestelova. Det kan og ytast tenester til vaksne pasientar mot betaling etter det regionale regelverket, om kapasiteten utover dei prioriterte gruppene opnar for dette. Tannklinikken i Masfjorden er lokalisert til Sandnes i nær gangavstand til kommunehuset.

Det kan verta aktuelt at stillinga kan inngå i eit samarbeid med Fedje kommune og Modalen kommune. Vidare vert det teke etterhald om at Hordaland fylkeskommune inngår driftsavtale med kommunen i medhald av § 5-1 i tannhelsetenestelova og om overføring av ansvar og tilgang til journaler, recall-lister m.m.

### Arbeidsoppgåver

Tannlegen skal

- \* Ha det faglege pasientansvaret for tannhelsetilboden i kommunen
- \* Ha ansvaret for å organisere og gjennomføre det førebyggjande tannhelsearbeidet og oppfølging mot prioriterte grupper i kommunen.
- \* Bidra til å styrke det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i lokalsamfunnet
- \* Bidra med tverrfagleg samarbeid med andre kommunale helse-, pleie- og omsorgstenester når det er påkrevd.
- \* Ha leiaransvar og kunne rettleie tannpleiar og tannhelsesekretær om det vert påkrevd.
- \* Ha sjølvstendig budsjettansvar innanfor dei rammene som kommunen tildeler til ei kvar tid.

### Krav til stillinga

- \* Godkjenning som autorisert tannlege i Norge.
- \* Røynsle med tannhelsearbeid retta mot prioriterte grupper, jf. § 1-3 i tannhelsetenestelova.
- \* Evne til å jobbe sjølvstendig og målretta og ta eigne val
- \* God røynsle som tannlege
- \* God kapasitet til å organisere, yte og utvikle tannhelsetenesta
- \* God i norsk munnleg og skriftleg
- \* Gode IKT kunnskapar
- \* Ha førarkort klasse B

### Personlege eigenskaper

- \* Gode samarbeidsevner
- \* Stor arbeidskapasitet
- \* Vere løysingsorientert
- \* Godt humør og tillitsskapande i kontakt med brukarane

Personlege eigenskapar vert tillagt stor vekt

### Me tilbyr

- \* Ei spennande stilling med ansvar for å yte tenester med høg fagleg og etisk standard
- \* Ein sjølvstendig arbeidsplass som gjev deg høve til å yte gode tannhelsetenester

Løn etter avtale i samsvar med avtaleverk og etter nærmare avtale.

Tenestespråket i Masfjorden er nynorsk.

### Politiattest

Den som vert tilsett må leggje fram politiattest, jf. § 3-1 i tannhelsetenestelova.

### Søknad sendast elektronisk via heimesida til Masfjorden kommune

**Kontaktperson**

Sveinung Toft, assisterende rådmann, tlf: 56166218, mobil: 40924790, sveinung.toft@masfjorden.kommune.no  
Svein Helge Hofslundsengen, rådmann, tlf: 56166215, mobil: 90624235,  
svein-helge.hofslundsengen@masfjorden.kommune.